

VOSSA JAZZ

27.-29. MARS 2015

Vordaland fylkeskommune

24 JUN 2016

ÅRSMELDING VOSSA JAZZ 2015





Opningskonserten: Erlend Skomsvoll «Tjonafant»

ÅRSMELDING VOSSA JAZZ 2015

Den 42. festivalen vart skipa til i palmehelga, 27. - 29. mars.

*«Mens klokka gjekk frå vinter til sommar,
gjekk den 42. Vossa Jazz-festivalen i mål som ein av dei beste..»*

Roald Helgheim, Dagsavisen.

I løpet av festivalen fann nær 50 tilskipingar stad der i alt 46 band medverka. 182 profesjonelle musikarar pluss Badnajokret sytte for store musikalske opplevingar frå 13 ulike scenar, både utandørs og inne. Tal besøkande på tilskipingane var om lag

5 500. Med godt besøk på gratiskonsertar, gjester, akkreditert presse, musikarar og medarbeidarar hadde festivalen total rundt 12 500 konsertbesøk. 223 medarbeidarar sytte for at gjennomføringa av Vossa Jazz gjekk etter planen.





Karl Ove Knausgård



Polkabjørn

NYSKAPANDE

Vossa Jazz sin profil omfattar jazz, folke- musikk og verds- musikk. Festivalen skal vera nyskapande og gje publikum nye musikalske opplevingar. For åttande året på rad opna festivalen med nyskriven poesi. I år var det Karl Ove Knausgård som stod for opninga og det vart ei fantastisk opning som det osa jazzrock av. I tillegg hadde me

i år vår eigen festivaljodlar, Polkabjørn. Han framførte mellom anna ein ode han hadde laga til Vossa Jazz.

Opningskonserten var endå ei nyskaping: Erlend Skomsvoll sin «Tjonafant». Dette er eit verk Vossa Jazz og Riksscenen bestilte saman, musikken var i krysninga jazz/folkemusikk og vart levert med respekt, kvalitet og sjarm.

NYE PRODUKSJONAR I 2015:

- **Live Maria Roggen:** Tingingsverket «Apokaluptein – the uncovering»
- **Erlend Skomsvoll:** «Tjonafant»
- **Ekstremjazz;** Jon Balke, Andreas Ulvo og Åshild Vetrhus
- **Supersonics: Badnajazz;** Supersonics møter Badnajazzkoret

ANDRE URFRAMFØRINGAR:

- **Superjazz:** Ole Hamre, Rolf-Erik Nystrøm og Harald Dahlstrøm saman med «Superjazzarar».
- **Sinikka Langeland Quartet;** nytt materiale inspirert av Tomas Tranströmers dikt «Den halvfärdiga himlen» med ny musikk for kantele, bratsj, saksofon og perkusjon.
- **Bergen Big Band med Fliflet/Hamre:** Ein overflod av speglede med musikk frå ulike verdsdelar og eit stødige og lekten Bergen Big Band.



Live Maria Roggen

TINGINGSVERKET:

Sentralt under festivalen stod som alltid Tingingsverket, det 36. verket hadde tittelen «Apokaluptein – The Uncovering» og var komponert av Live Maria Roggen. Ho hadde valt eit ensemble av musikarar som både var ei kraftfull rytmisk eining, men som òg skapte djupe og eteriske lydrom. I tillegg til Roggen på vokal, var Eivind Lønning (trompet), Lene Grenager (cello), Hilmar Jensson (gitar), Sondre Meisfjord (bass, vokal), Audun Kleive (trommer, perkusjon) og Asle Karstad på lydproduksjon med. Det var eit verk som sette sterke kjensler i sving - med tekstar som gav ei historie som er rotfesta i vår urolege tid.





Thea Hjelmeland i Gamlekinoen

SCENER

Park Hotel Vossevangen huser tre av scenane våre, mellom anna Vossasalen. Gamlekinoen har teke over for Fraktgodsen etter at den diverre vart riven, denne scena fungerer svært bra. Det same kan seiast om Osasalen på Ole Bull Akademiet. Dette er i utgangspunktet ei akustisk scene. Sundagen leiger me òg Vangskyrkja for ein konsert der.



Superjazz vart arrangert for 6. år på rad.

TILBOD FOR ALLE

Vossa Jazz skal gje musikalske opplevingar utanom det vanlege, for alle, og laurdag før-middag var det Superjazz for sjetten år på rad. Målgruppa er personar med funksjonshemmingar. Denne gongen var det Ole Hamre som haldt musikalsk verkstad og konsert saman med deltakarane. Hamre hadde vitja ulike verna bedrifter på Voss før festivalen og gjort

opptak både med lyd og bilete av brukarar. Til ein del av konserten hadde Hamre laga ein «folkofon» der desse bileta og lydane vart nytta. Det vart ei svært vellukka tilnærming! Publikum var òg heilt unikt i sin måte å delta og respondera på. I overgangen frå verkstad til konsert vart det pynta til fest. Mykje var planlagt, men alt inneheld improvisasjon.



EKSTREMJAZZ

Vossa Jazz er stadig på jakt etter nye scener, både inne og ute. I år skipa me til den sjuande Ekstremjazz, scena var lagt til taket på Voss kulturhus. Ekstremjazz kombinerer gode musikalske opplevingar med visuell og levande scenografi utført av ekstremsports-utøvarar. Ein sterk og spenstig kombinasjon!

Jon Balke var kunstnarisk leiar, han hadde med seg Andreas Ulvo på tangentar og Åshild Vetrhus på vokal. Even Rokne sytte for at musikk og scenografi i form av fallskjermhopp-arar, paraglidarar, hangglidarar og speedkøyrarar flaut fint saman. I tillegg var Svein Ivar Ringheim med buddhistisk kampkunst med, ein var og vakker strek i det spanande ekstremjazzbiletet.

Årets utgåve av Ekstremjazz vart litt hemma av vêr og vind, i tillegg fekk festivalen i siste liten nye restriksjonar på tal publikummarar som kunne opphalda seg på taket og heile arrangementet vart prega av dette. Konserten var gratis og mange hadde ynskje om å få med seg denne konserten, men fekk altså ikkje koma opp på taket.



Ekstremjazz på kulturhustaket





Badnazz har sidan 2000 skipa til mange konsertar og verkstader for, av og med born. I år vart Badnazz utvida, m.a. med konsert fredag ettermiddag med Catapluffs musikalske reise. Laurdag starta med parade som var større enn noko sinne, der Maria Parr tok over stafettpinnen då paraden avslutta ved Voss kulturhus. Parr skal vera festivalforfattar på den nynorske barnebokfestivalen Falturiltu på Stord i haust og det var stas å ha dette samarbeidet med festivalen. Den norske duoen Meg og kammeraten min og svenske Jazzoo sytte for musikk for alle penga for den yngre garde denne dagen.

Sundag fann nok ei nyskaping stad; Supersonics jobba heile helga med Badnazzkoret og saman laga dei ein fantastisk konsert med rare lydar, vakre melodiar, heftige rytmar, ulike stemningar og sjangrar. Nytt av året var eige pass for den yngre garde: Badnazzpass. For 200 kroner fekk borna tilgang til alle tilskippingane under paraplyen Badnazz. I tillegg var det ei rekkje verkstader og konsertar for born og ungdom, mellom anna kurs på Vangen med fokus på musikk, breakdance og skating.



Supersonics og Badnazzkoret held konsert

JAZZ FOR YOUNG PEOPLE

I samarbeid med Vestnorsk Jazzsenter og Europe Jazz Network skipa me til ein europeisk konferanse om jazz for born og unge, under festivalen.





Årets Vossa Jazz-kunstnar Kristin Austreid

KULTURTUR OG ANNA KUNST PÅ VANGEN

Linda Eide samla folk til kulturtur laurdag og sundag for å bokstavleg tala gå gjennom norsk kultur og syna at alt i norsk kunst og kultur stammar frå Voss. I Banksmidja vart Vossa Jazz-utstillinga til Kristin Austreid presentert. Utstillinga er eit samarbeid med Voss Kunstlag og Vekselbanken. Seminaret Vossakveik vart sipa til Gamlekinoen torsdagen. Sett bort frå flykaos som førte til at ein av føredragshaldarane ikkje kunne koma, vart seminaret gjennomført ved hjelp av improvisasjon og flinke folk som kan ta ting på sparket. Seminaret hadde tittelen «Vossarebell» og gav eit godt og humoristisk bikk på korleis det er å vera nærsynt i eiga stova.



Linda Eide var engasjert kulturguide





PRISAR

Vossa Jazz- prisen vart delt ut av Hordaland fylkeskommune og den 28. prisen i rekkja gjekk til Thea Hjelmeland. Badnazz-prisen vart gjeven til Bjørne Møen for hans arbeid for og med born og unge på Voss.



PRESSE

Vossa Jazz 2015 hadde 21 presseakkrediterte, to av desse var utanlandske. Bra dekning gjennom avisa Hordaland, BT, Dagsavisen, NRK Radio (P1 og P2), All About Jazz, TV2, Jazznytt og www.saltpeanuts.eu.

NRK droppa å ta opp tingingsverket for fyrste gong

«Det er kanskje det dristigaste tingingsverket så langt, dessutan historisk av ein annan grunn, då NRK for første gong i dei 34 tingingsverkas historie ikkje var på Voss for å sende/gjere opptak med det. Det kan festivalen sikkert overleve, men for NRK handlar det om eit samfunnsoppdrag, der fråveret ved nasjonens viktigaste tingingsverk i sjangeren jazz verkar som eit omen.»

Roald Helgheim, Dagsavisen

Det var med undring me konstaterte at NRK valte å ikkje gjera opptak av og senda årets Tingingsverk. Det vart lagt merke til og Vossa Jazz har i etterkant sendt spørsmålet til NRK om denne prioriteringa. Me ventar på svar på kva politikk NRK legg seg på når det kjem til opptak av ny norsk musikk.



“Commissions play an important role for Vossa Jazz Festival, with Tingingsverket, the main commission, one of the most prestigious assignments in Norwegian jazz. This year’s commission—supported by generous funding from Norwegian Art Council—was, however, the first one in the history of the festival not to be recorded and broadcast by the Norwegian Broadcasting Corporation. It was the first time the P2 department, with its own jazz employees, did not attend the festival. Editorial cuts of NRK culture has hit P2 jazz coverage of NRK. From four permanent weekly journalistic jazz programs in 2009, NRK P2 cut back to one weekly fixed magazine program about jazz. As a result, the public no longer benefits from productions realized through considerable public funding. At first glance it seems a question of money, but in fact it is a clear sign of cultural climate change.”

Henning Bolte, All About Jazz



VOSSA JAZZ GJENNOM ÅRET

Badnajazzkoret øver ein gong i veka i haust- og vårsemesteret. 40 born deltok på konserten «Perler frå filmverda» som Voss skulemusikk og Voss Musikklag skipa til i Gamlekinoen i november. I tillegg song dei på Badnajokajazz med Kniv og Taffel Swingjazzorkester.

I desember presenterte me Vintersong med Sigrid Moldestad, det var så stor pågang at me måtte skipa til ekstrakonsert. Å ha ein større konsert før jol gav altså gode resultat på alle måtar.

Årets beste jolafest, som garanterer god musikk og kjente fjes, skipa med til 5. joledag på Park. På programmet stod Miss Tati, Kniv og Taffel Swingjazz Orkester, MODI og Jørgen Sandviks Permanent Vacation.

ØKONOMI – OFFENTLEGE TILSKOT

Festivalen fekk kr. 1 200 000 frå Norsk kulturråd, kr. 341 000 frå Hordaland fylkeskommune (pluss kr. 30 000 til Vossa Jazz-prisen) og kr. 275 000 frå Voss kommune i driftstilskot. I tillegg mottok festivalen prosjekttilskot m.a. frå Norsk kulturråd, KOMP.

Vossa Jazz er eit av lokomotiva i det norske jazzmiljøet og det er viktig at det offentlege òg ser rolla festivalen har lokalt, regionalt og nasjonalt. Det er særst viktig at me vert sikra ei oppjustering av tilskota framover, då offentleg medverknad er avgjerande for vidare kunstnarleg utvikling av Vossa Jazz og kontinuitet i arbeidet. Auka løyvingar frå det offentlege vil vera med på å sikra høgt kunstnarisk nivå og føreseieleg og langsiktig planlegging. Det er kostnadskrevjande å vera nyskapande og involvera mange ulike aktørar, lokalt og nasjonalt. Skal Vossa Jazz halda fram med det høge talet nye produksjonar må løyvingane oppjusterast.

“Just one and half days at Vossa Jazz brought an intensity, variety, impressively high quality and a manifestation of cross-fertilization that far exceeded my expectations that were fed by the word of mouth information of colleagues and musicians. The festival offers a dizzying but never hectic multitude of events and activities. It is a small-scale and survey-able affair with a wide impressive panorama at the same time. It was a place of real openness going hand in hand with appeal, enjoyment, and delight. The programming choices made a lot of sense, the commitment was high, and the diversity had inspiring effects. The festival and the scene is still a well-oiled machine running on strong, tacit consensus.”

Henning Bolte, All About Jazz

STYREMEDLEMMER 2015/2016

Kathrine Løno Lahlum (leiar), Magne J. Kalstad (nestleiar), Are Mossefinn Sandvik, Mads A. Indrehus, Karianne Finne, Kari Høyland (1. vara), Hilde Magnusson (2. vara), Anders Ullestad (3.vara)

FESTIVALRÅD 2015-FESTIVALEN

Are Mossefinn Sandvik, leiar, Kari Høyland, Berit Reppen Lorentzen, Terje Støve, Silje Svartveit, Brit Aksnes, Lars Finborud, Svein Støve, Ingrid Nestås Mathisen, Perline Dugstad.

ADMINISTRASJON

Kari Trana har vore tilsett i 80 % stilling som marknads- og organisasjonskonsulent og Trude Storheim som dagleg leiar i 100 % stilling.



KORT OPPSUMMERING AV VERKSEMADA VOSSA JAZZ

Vossa Jazz skal ha som føremål å stimulera interessa for jazz og nærliggande musikkformer, både for tilhøyrarar og musikarar. Vossa Jazz skal i særleg grad stimulera til nyskaping og utvikling på nemnde kunstområde. Hovudverksemda skal vera å skipa til ein årleg jazzfestival på Voss. Vossa Jazz kan òg engasjera seg i kunstproduksjon og -formidling gjennom året elles. Vossa Jazz skal gjennom sitt virke freista å fungera som eit alternativ til den einsidige kommersielle kulturspreiinga.

Vossa Jazz er lokalisert på Voss. Omsetninga i Vossa Jazz 2015 var på kr 5 070 235. Årsresultatet syner eit overskot på kr 40 575,- Eigenkapitalen per 31.12.2015 er kr 925 692.

Vossa Jazz har hatt utviklingsaktivitetar i 2015, og sytt for at det til festivalen vert skapt nye konsertar og spanande tilskipingar. Me har tilbod for born og unge gjennom året.


Årsrekneskap for 2015 er sett opp under føresetnad om framleis drift. Det vert med dette stadfesta at føresetnad om framleis drift er til stades.


Styret meiner at arbeidsmiljøet er tilfredsstillande, det har ikkje vore skader eller ulykker i 2015. Vossa Jazz har to tilsette, begge kvinner. Styret med vara-medlemmer består av fire kvinner og fire menn. Vossa Jazz har som policy og handsama kvinner og menn likt.

Vossa Jazz si offisielle målform er nynorsk.

Vossa Jazz forureinar ikkje det ytre miljø.


Voss, 12. april 2016,



Kathrine Løno Lahlum
Styreleiar


Are Mossefinn Sandvik
Styremedlem


Kaia Finne
Styremedlem


Trude Storheim
Dagleg leiar


Mads A. Indrehus
Styremedlem


Magne J. Kalstad
Styremedlem



Resultatrekneskap

Vossa Jazz

| Driftsinntekter og driftskostnader | Note | 2015 | 2014 |
|---|-------------|------------------|------------------|
| Billett-inntekter | | 1 908 219 | 1 826 232 |
| Sponsor/Reklame | | 776 333 | 738 500 |
| Offentlige tilskot | 7 | 1 816 000 | 1 781 000 |
| Andre inntekter | | 569 684 | 839 450 |
| Sum driftsinntekter | | <u>5 070 235</u> | <u>5 185 182</u> |
| Arrangementskostnader | | 3 401 719 | 3 568 170 |
| Lønn, feriepenger, arbeidsgjevaravgift | 6 | 1 243 425 | 1 229 399 |
| Ordinære avskrivningar | 2 | 16 000 | 16 000 |
| Annan driftskostnad | | 385 063 | 290 462 |
| Sum driftskostnader | | <u>5 046 207</u> | <u>5 104 031</u> |
| Driftsresultat | | <u>24 029</u> | <u>81 151</u> |
| Finansinntekter og finanskostnader | | | |
| Renteinntekter | | 16 652 | 19 152 |
| Rentekostnader | | 105 | 9 |
| Sum finansinntekter | | <u>16 546</u> | <u>19 143</u> |
| Ordinært resultat | 3 | <u>40 575</u> | <u>100 294</u> |
| Årsresultat | | <u>40 575</u> | <u>100 294</u> |
| Overføringer | | | |
| Overført til egenkapitalkonto | | 40 575 | 100 294 |
| Sum overføringer | | <u>40 575</u> | <u>100 294</u> |



Balanse

Vossa Jazz

| Eigendelar | Note | 2015 | 2014 |
|------------------------------|-------------|------------------|------------------|
| Anleggsmidler | | | |
| Inventar og utstyr | 2 | 100 000 | 116 000 |
| Andeler i andre selskap | 4 | 10 000 | 10 000 |
| Sum anleggsmidler | | <u>110 000</u> | <u>126 000</u> |
| | | | |
| Omløpsmidlar | | | |
| | | | |
| Utestående fordringar | 1 | 245 562 | 274 730 |
| Andre kortsiktige fordringar | | 217 566 | 43 100 |
| Sum fordringar | | <u>463 128</u> | <u>317 830</u> |
| | | | |
| Bankinnskot | | <u>977 683</u> | <u>1 056 408</u> |
| | | | |
| Sum omløpsmidlar | | <u>1 440 811</u> | <u>1 374 238</u> |
| | | | |
| Sum eigendelar | | <u>1 550 811</u> | <u>1 500 238</u> |



Balanse

Vossa Jazz

| Egenkapital og gjeld | Note | 2015 | 2014 |
|--|------|------------------|------------------|
| Eigenkapital | | | |
| Opptent egenkapital | | 925 692 | 885 117 |
| Sum egenkapital | | <u>925 692</u> | <u>885 117</u> |
| Gjeld | | | |
| Kortsiktig gjeld | | | |
| Leverandørgjeld | | 86 355 | 141 690 |
| Skuldig arbeidsgjevaravgift og skattetrekk | | 88 360 | 93 698 |
| Skuldig feriepengar | | 108 122 | 101 168 |
| Annan kortsiktig gjeld | 5 | 342 283 | 278 565 |
| Sum kortsiktig gjeld | | <u>625 120</u> | <u>615 121</u> |
| Sum gjeld | | <u>625 120</u> | <u>615 121</u> |
| Sum gjeld og egenkapital | | <u>1 550 811</u> | <u>1 500 238</u> |

Voss, 12.04.2016
Styret i Vossa Jazz



Mads Indrehus
Styremedlem



Kathrine Løno Lahlum
Styreleiar



Trude Storheim
Dagleg leiar



Karianne Finne
Styremedlem



Magne Kalstad
Nestleiar



Are Mossefinn Sandvik
Styremedlem



NOTER TIL ÅRSREKNESKAP FOR 2015

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapsleven og god rekneskapskikk.

Klassifisering

Eigendelar bestemt til varig eige eller bruk , og fordringar med forfall meir enn eitt år etter balansedagen er medteke som anleggsmidlar. Øvrige eigendelar er klassifisert som omløpsmidlar. Gjeld som forfall seinare enn eitt år etter rekneskapsperioden er ført opp som langsiktig gjeld. Alle fordringar og all gjeld knytta til ordinær drift av festival er klassifisert som kortsiktige postar uavhengig av forfallstid.

Driftsinntekter og driftskostnader

Inntektsføring skjer etter opptjeningsprinsippet som normalt vil vera leveringstidspunktet for festivalen sine ytingar. Kostnader vert teke med etter samanstillingsprinsippet , dvs. i same periode som tilhøyrande inntekter blir tatt til inntekt.

Note 1 Utestående fordringar

Utestående fordringar er verdsette til pålydande .

Note 2 Anleggsmidlar - avskrivningar

| | <u>Musikkinstrumenter</u> | <u>Diverse lydutstyr</u> |
|---|---------------------------|--------------------------|
| Balansført verdi forrige år | 102 000 | 14 000 |
| Anskaffelser i året | 0 | 0 |
| Årets avskrivning for estimert verdireduksjon | -14 000 | -2 000 |
| Bokført verdi pr. 31.12 | <u>88 000</u> | <u>12 000</u> |

Note 3 Skatteplikt/avgiftsplikt

Festivalen vert rekna som skattefri institusjon etter skatteloven sine bestemmelsar. Festivalen har mva-plikt for begrensa del av innteksbringande aktivitetar

Note 4 Andeler i andre selskap

| | <u>2015</u> | <u>2014</u> |
|------------------------------|---------------|---------------|
| Andel i Norske Festivaler SA | 5 000 | 5 000 |
| Andel i Festival Voss SA | 5 000 | 5 000 |
| Sum | <u>10 000</u> | <u>10 000</u> |



NOTER TIL ÅRSREKNESKAP FOR 2015

Note 5 Tidsavgrensning av inntekter/anna kortsiktig gjeld

Herav tidsavgrensa inntekter som høyrer til 2016: kr. 183 080.

Note 6 Personalkostnader, honorar til styret og revisor

| Ytingar til leiande personar | Dagleg leiar | Medl. av styret |
|------------------------------|--------------|-----------------|
| Lønn | 595 044 | 0 |

Kostnadsført revisjonshonorar for 2015 utgjør kr 45 291

Pensjonsforpliktelser

Selskapet er pliktig til å ha tjenstepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenstepensjon.

Selskapets pensjonsordninger tilfredsstiller kravene i denne lov.

Note 7 Offentlege tilskot

| | 2015 | 2014 |
|-----------------|-----------|-----------|
| Kulturrådet | 1 200 000 | 1 200 000 |
| Hordaland fylke | 341 000 | 336 000 |
| Voss kommune | 275 000 | 245 000 |
| Sum | 1 816 000 | 1 781 000 |

